

## **Vedtekter for Voss Sparebank**

### **Kap. 1 FØRETAKSNAMN. FORRETNINGSKONTOR. FØREMÅL**

#### **§ 1-1 Føretaksnamn og forretningskontor**

Voss Sparebank vart stifta 15. november 1843. Seinare har banken slutta seg saman med to bankar: 01.01.1962 Evanger Sparebank (stifta 1886) og 02.05.1985 Vossestrand Sparebank (stifta 1876).

Voss Sparebank har forretningskontor på Vossavangen i Voss herad. Organisasjonsnummeret er 937 897 286.

#### **§ 1-2 Føremål**

Voss Sparebank sitt føremål er å utføra forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at sparebankar kan utføra i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover og gjevne konsesjonar.

### **Kap. 2 VOSS SPAREBANK SIN EIGENKAPITAL**

#### **§ 2-1 Grunnfonda**

Dei opphavlege grunnfonda til dei tre bankane som er gått saman var:

1. Voss Sparebank: 255 spesidalar, ytt av stiftarane.
2. Evanger Sparebank.
3. Vossestrand Sparebank: 940 spesidalar, ytt av stiftarane.

Grunnfonda er tilbakebetalte. Stiftarane eller andre har ikkje rett til utbyte av verksemda.

### **Kap. 3 GENERALFORSAMLING**

#### **§ 3-1 Generalforsamling**

Generalforsamlinga er øvste avgjerdsmakta i Voss Sparebank. Generalforsamlinga skal ha 12 medlemar og 5 varamedlemar. Medlemene og varamedlemene av generalforsamlinga møter personleg. Det er ikkje høve til å møta ved fullmektig eller med rådgjevar.

#### **§ 3-2 Samansetjinga av generalforsamlinga**

9 medlemar og 4 varamedlemar skal veljast av og mellom innskytarane i Voss Sparebank. Det skal leggjast vekt på at dei valde medlemene speglar banken sin kundestruktur, interessegrupper og samfunnsfunksjon.

3 medlemar og eit varamedlem skal veljast av og mellom dei tilsette i Voss Sparebank.

#### **§ 3-3 Val til generalforsamlinga**

Myndige personar kan veljast som medlemar av generalforsamlinga. Medlemar og varamedlemar til generalforsamlinga vert valde for 4 år. Generalforsamlinga fastset nærare instruks om vala.

#### **§ 3-4 Medlemar til generalforsamlinga valde av kundane**

Innskyttarar som har, og i dei siste seks månadane har hatt, innskott i Voss Sparebank på minst kroner 2.500, kan veljast til generalforsamlinga, og har røysterett. Kvart kundeforhold gjev ei røyst når ikkje anna fylgjer av lov eller av vedtektene.

#### **§ 3-5 Medlemar til generalforsamlinga valde av dei tilsette**

Val av tilsette som medlemar og varamedlemar til generalforsamlinga vert føreteke av og mellom dei tilsette i sparebanken.

#### **§ 3-6 Innkalling til generalforsamling**

Det er styret i banken som utarbeidar framlegg til dagsorden og kallar inn til generalforsamling. Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av mars månad kvart år. Generalforsamlinga skal haldast i Voss herad.

Innkallinga til generalforsamlinga skal gjerast skriftleg. Innkallinga skal vera sendt seinast ei veke før møtet skal finna stad. Innkallinga skal innehalda tid og stad for møtet, og framlegg til dagsorden som inneheld dei sakene som skal handsamast på generalforsamlinga. Ved framlegg om å endra vedtektene, må endringane synast i innkallinga.

Når dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga er gjort tilgjengelege for medlemane på nettsidene til banken, gjeld ikkje lovkravet om at dokumenta skal sendast til medlemane. Det same gjeld dokument som etter lova skal vera del av, eller leggjast ved innkallinga til generalforsamlinga. Medlemar av generalforsamlinga kan likevel krevja å få tilsendt dokument som gjeld saker som skal handsamast på generalforsamlinga.

Medlemar som ikkje kan delta på generalforsamlinga, skal informera Voss Sparebank snarast og seinast ei veka før møtet. Varamedlemar skal kallast inn dersom ordinære medlemar melder forfall.

### **§ 3-7 Møte og vedtak i generalforsamlinga**

Generalforsamlinga vert opna og leia av styreleiar i Voss Sparebank. Møteleiar har ansvar for at det vert gjort opprop og ført lister over kven som er til stades, og at det vert ført protokoll frå generalforsamlinga. Protokollen skal signerast av møteleiar og to andre personar som er til stades, vald av generalforsamlinga.

Kvart medlem av generalforsamlinga har ei røyst. Vedtak i generalforsamlinga vert gjorde med fleirtal av dei gjevne røystene med mindre anna går fram av lov eller vedtekter. Står røystetalet likt, gjeld det som møteleiaren sluttar seg til.

### **§ 3-8 Oppgåvene til generalforsamlinga**

På den ordinære generalforsamlinga skal fylgjande saker handsamast og avgjerast:

- Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, under dette disponering av overskot.
- Val av leiar, nestleiar og andre medlemar og varamedlemar til styret, unnateke dei som vert valde av og mellom dei tilsette.
- Val av medlemar og varamedlemar til valnemnd.
- Val av revisor.
- Fastsetja godtgjersle til tillitsvalde og revisor.
- Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga.

Med samtykkje frå Finansdepartementet kan generalforsamlinga gjera vedtak om å utferda eigenkapitalbevis. Eit slik vedtak krev minst to tredeler av røystene. Vedtak om eller fullmakt til å ta opp ansvarleg lån, fondsobligasjon eller anna kapitalinstrument, krev tilslutnad frå minst to tredeler av røystene.

## **Kap. 4 STYRET OG DAGLEG LEIING**

### **§ 4-1 Styret si samansetjing og oppgåver**

Styret har 6 styremedlem og 2 varamedlem. Varamedlem vert kalla inn til styremøte dersom styremedlem har meldt forfall.

5 styremedlem og eit varamedlem skal veljast av generalforsamlinga. I tillegg skal eit styremedlem og eit varamedlem veljast av og mellom dei tilsette.

Medlemane og varamedlemane til styret vert valde for 2 år. Leiar og nestleiar vert valde særskilt. Styret sine oppgåver og vilkår for gyldige vedtak fylgjer av lov og forskrift.

Det samla styret utgjer banken sitt revisjonsutval.

### **§ 4-2 Dagleg leiar**

Voss Sparebank skal ha ein dagleg leiar. Dagleg leiar vert tilsett av styret. Dagleg leiar sine oppgåver fylgjer av lov og forskrift.

## **Kap. 5 VALNEMND**

### **§ 5-1 Samansetjing av valnemnda**

Valnemnda er samansett av 5 medlemmar og 2 varamedlemar. 4 medlemmar og eit varamedlem skal veljast av generalforsamlinga. Eit medlem og eit varamedlem skal veljast av og mellom dei tilsette. Valnemnda sine medlemmar og varamedlemar vert valde for 2 år. Leiar for valnemnda vert valt særskilt.

### **§ 5-2 Arbeidet til valnemnda**

Valnemnda skal førebu fylgjande:

- Val av medlemmar og varamedlemar til generalforsamlinga, valde av kundane.
- Val av medlemmar og varamedlemar til styret, valde av generalforsamlinga.
- Val av medlemmar og varamedlemar til valnemnda, valde av generalforsamlinga.
- Framlegg til godtgjersle til tillitsvalde.

Generalforsamlinga fastset nærare instruks om valnemnda.

## **Kap. 6 DISPONERING AV OVERSKOT OG DEKKING AV UNDERSKOT**

### **§ 6-1 Disponering av overskot**

Overskotet av verksemda til banken etter frådrag for utdeling av gåver, skal leggjast til sparebanken sitt fond.

Overskotsmidlar kan nyttast til auke av sparebanken sitt fond, gåver til ålmennyttige føremål, auke av gåvefondet, eller til ei stifting med ålmennyttige føremål.

### **§ 6-2 Dekking av underskot**

Underskot etter resultatrekneskapen for siste rekneskapsår skal fyrst dekkjast ved høveleg overføring frå sparebanken sitt fond. Ytterlegare underskot vert dekkja ved nedsetjing av annan kapital.

## **Kap. 7 VEDTEKTSENDRINGAR**

### **§ 7-1 Vedtektsendringar**

Endring av desse vedtektene kan gjerast av generalforsamlinga. Vedtak om å endra vedtektene i Voss Sparebank krev tilslutnad frå minst to tredelar av røystene.

Endringar i vedtektene må godkjennast av Finanstilsynet i det tilfellet at det er eit krav i gjeldande lovverk. Om slik godkjenning er kravd, vert vedtektene sett i kraft i frå det tidspunktet ei slik godkjenning er gjeve.

## **Kap. 8 AVVIKLING**

### **§ 8-1 Vedtak om avvikling av Voss Sparebank**

Generalforsamlinga tek stilling til forslag frå styret om avvikling av Voss Sparebank. Vedtak om avvikling krev tilslutnad frå minst to tredelar av røystene.

### **§ 8-2 Disponering av kapitalen til Voss Sparebank ved avvikling**

Ved avvikling av Voss Sparebank skal dei overskytande midlane, etter at alle forpliktingar er dekkja, overførast til ei eller fleire sparebankstiftingar.

*Vedtektene vart vedtekne av generalforsamlinga i møte 15.mars 2024.*